



**Telemark Bonde-  
og Småbrukarlag**

KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENTET  
Postboks 8112 DEP 0032 OSLO

## **Fråsegn: Evaluering av Statsforvaltaren sin geografiske struktur**

Telemark Bondelag og Telemark Bonde- og Småbrukarlag, heretter *fagлага*, meiner at statsforvaltarembete bør fylgje fylkesgrensene, og meiner difor at nye Telemark fylke skal ha sitt eige statsforvaltarembete.

Vestfold og Telemark er ein region med både store geografiske, strukturelle og kulturelle skilnader. Dette gjer seg også gjeldande på jordbruksfeltet.

God lokalkunnskap er viktig for Statsforvaltaren, spesielt når embetet skal kontrollere og eventuelt overprøve det lokale sjølvstyret og det kommunale frie skjønnet. God lokalkunnskap er avgjerande for å sikre *legitimiteten* til embetet over tid. Fagлага meiner lokalkunnskapen sikrast best ved at Telemark får sitt eige statsforvaltarembete i samband med fylkesdelinga.

Med unntak av utdanningsavdelinga er Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark lagt til ein geografisk utkant av regionen (Tønsberg). Denne plasseringa er ei utfordring i dag, og vil bli desto meir problematisk over tid no som fylket skal delast 01.01.2024. Med dagens plassering av embetet vil ein i liten grad evne å rekruttere tilsette frå nye Telemark fylke, spesielt frå øvre Telemark.

Faglaga meiner også det bør vege tungt at fylkestinget i sitt delingsvedtak presiserte tre vilkår for deling, der eitt av vilkåra var: *At regjeringen vedtar at statsforvalterembete følger de nye fylkesgrensene i Vestfold og Telemark.*

Faglaga konkluderer med at Statsforvaltaren også må delast når fylket vert delt.

Aslak Snarteland  
Leiar Telemark Bondelag

Per Helge Seltveit  
Leiar Telemark Bonde- og Småbrukarlag

*Dokumentet er godkjent elektronisk*